

Post- og teletilsynet  
Postboks 93  
4791 LILLESAND

Dykkar ref.  
1404629

Vår ref.  
14/5344 - ÅST

Dato  
28.10.2014

## Høyring - om tildeling og bruk av nummer for landmobile tenester

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) har vore i kontakt med sine underliggande etatar, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap og Direktoratet for nødkommunikasjon, om saka. Desse vil sende inn eigne høyringsfråsegner. Av den grunn avgrensar JD seg til ei kort prinsipiell tilbakemelding.


JD er samde med Post- og teletilsynet i at det bør vurderast å tildele 8-sifra nummer for landmobile tenester for tilbod om mVoIP-tenester dersom desse kan reknast som fullverdige mobiltenester. Det vert spesielt peika på at føresegnene i ekomlovgjevinga om naudandrop, og at dynamisk og statisk opprinnelsemarkering skal være oppfylte før tenesta kan tilbydast på marknaden.


Frå DSB er vi gjort kjende med at bruk av mVoIP som fungerer over vanlege mobilnett, og som vert brukt utandørs der det er GPS-dekning raskt vil kunne gje ei meir presis mobilposisjonering enn vanlege mobiltelefonar. Derimot for bruk innandørs, via eksempelvis eit lokalt trådløst nett, risikerer ein å ikkje få noko GPS-signal i det heile, og dermed heller inga posisjonering. Dette er ei utfordring ein må sjå nærare på. JD tilrår også at Post- og teletilsynet i det vidare involverer naudetatane i arbeidet med tildeling og bruk av nummer for landmobile tenester.

Avslutningsvis peikar vi på at politiet ikkje er sett opp som sjølvstendig høyringsinstans i denne saka, noko dei med fordel kunne ha vore. JD har førelagt saka for Politidirektoratet, som i si tilbakemelding skriv at dei ikkje har merknader. Svarbrevet

deira følgjer vedlagt.

Med vennleg helsing

  
Harald Aass  
fagdirektør

  
Åshild Tveit Arntorp  
rådgjevar

1 vedlegg

---

**Fra:** Jørn Olav Schjelderup [mailto:jorn.s@politiet.no]  
**Sendt:** 22. oktober 2014 17:16  
**Til:** Liv Solveig Lundgaard  
**Kopi:** Dag Roald Jørstad; Sven Lloyd Thorbjørnsen; Kaare Songstad  
**Emne:** Høring - Tildeling og bruk av nummer for landmobile tjenester

Hei!

Vi har hatt høringen til vurdering hos oss, og POD vil ikke komme med noen innspill til denne.

Med hilsen

Jørn Schjelderup  
*Seksjonssjef*

**Politidirektoratet**  
Politidirektoratet

Telefon: 995 99 525 / 23 36 41 00

E-post: [jorn.s@politiet.no](mailto:jorn.s@politiet.no)  
[www.polti.no](http://www.polti.no)